

# Årsmelding 2019



SOGN REGIONRÅD

## Innhald

<b>1</b>	<b>Sogn regionråd</b> .....	<b>3</b>
1.1	Møte og deltaking .....	3
1.2	Arbeidsgrupper .....	4
1.3	Rekneskap – økonomiske resultat .....	4
<b>2</b>	<b>Aktivitetar i 2019</b> .....	<b>4</b>
2.1	Næringsutvikling .....	4
2.1.1	Samarbeid om felles interesser .....	4
2.1.2	Regionale møteplassar .....	5
2.1.3	Grøn næringsutvikling .....	5
2.1.4	Statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar .....	5
2.1.5	Reiseliv .....	5
2.2	Attraktiv buregion .....	5
2.2.1	Bustadutvikling .....	5
2.2.2	Karrieremesser .....	6
2.2.3	Integrering og inkludering .....	6
2.3	Kompetanse .....	7
2.3.1	Regionalt barnehage- og skulesamarbeid .....	7
2.3.2	Fleire læreplassar i Sogn .....	11
2.4	Samferdsle .....	11
2.5	Helse .....	11
2.5.1	Samarbeid om kommunepsykologar .....	11
2.5.2	Ultralydutstyr .....	12
2.5.3	Desentralisert sjukepleiarutdanning .....	12
2.6	IKT .....	12
2.6.1	Fellesordningar i Sogn regionråd .....	12
2.6.2	Samarbeid i fylket .....	12
2.6.3	Geografisk informasjonssystem (GIS) .....	12
2.7	Samarbeidsføra i Sogn regionråd .....	14
2.7.1	Rådmannsgruppa .....	14
2.7.2	Regionale nettverk .....	14
2.8	Orienteringar og gjesteforedrag .....	15
2.9	Rapportar .....	16
2.10	Fråsegner frå Sogn regionråd .....	16
<b>3</b>	<b>Rekneskap</b> .....	<b>17</b>
3.1	Rekneskapsoversikt .....	17
3.2	Bruk av fond .....	18

# 1 Sogn regionråd

## 1.1 Møte og deltaking

Sogn regionråd er eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27. Medlemskommunane er Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Ordførarane i kommunane er faste medlemmar i regionrådet. Rådet si samansetjing var slik:

Lærdal kommune, Jan Geir Solheim (leiar)

Aurland kommune, Noralv Distad

Balestrand kommune, Harald N. Offerdal

Høyanger kommune, Petter Sortland

Leikanger kommune, Jon Håkon Odd

Luster kommune, Ivar Kvalen

Sogndal kommune, Jarle Aarvoll

Vik kommune, Olav Turvoll

Årdal kommune, Arild Ingar Lægreid

Etter kommunevalet fekk rådet slik samansetjing:

Luster kommune, Ivar Kvalen (leiar)

Aurland kommune, Trygve Skjerdal

Balestrand kommune, Harald N. Offerdal

Høyanger kommune, Petter Sortland

Leikanger kommune, Jon Håkon Odd

Lærdal kommune, Audun Mo

Sogndal kommune, Jarle Aarvoll

Vik kommune, Roy Egil Stadheim

Årdal kommune, Hilmar Høl

Ordførar i nye Sogndal kommune, Arnstein Menes, deltok i møta etter kommunevalet.



*Ordførarane og leiar i rådmannsgruppa frå møtet i Årdal i desember.*

Sogn regionråd hadde 5 møte:

13. februar, Bergen

24. april, Aurland

14. juni, Høyanger

4. november, Luster

6. desember, Årdal

Rådet handsama 33 saker i løpet av året.

Sogn regionråd har eige sekretariat med dagleg leiar tilsett i full stilling.

## 1.2 Arbeidsgrupper

Arbeidsgruppene gjev tilråding til regionrådet innan sine saksområde og har ikkje vedtaksmynde. Det er laga retningslinjer for arbeidsgrupper. Helsegruppa hadde 2 møte; eitt av dei med Helse Førde om ultralyd og eitt med Høgskulen på Vestlandet om desentralisert sjukepleiarutdanning. Samferdslegruppa hadde eitt møte med fylkeskommunen og Visit Sognefjord om Sognebåten.

## 1.3 Rekneskap – økonomiske resultat

Rekneskapen for 2019 vert revidert som ein del av rekneskapen i Sogndal kommune.

Sogn regionråd fekk totalt tilført inntekter på kr 8 355 503. Av dette utgjer eksterne midlar kr 2 370 662 og refusjon frå kommunane kr 5 258 017, inkludert kr 3 518 000 i kontingentmidlar.

Det er brukt kr 1 773 192 av bundne fond, medan ubrukte midlar kr 1 481 210 er avsett til fond. Renteinntektene av fondsmidlane utgjer kr 136 394, og er avsett til fondsmidlar prosjekt. Negativt netto driftsresultat er kr 155 589.

Meirverdiavgiftskompensasjonen utgjer kr 597 109.

Detaljar i rekneskapen og gjennomgang av bruken av fondsmidlar går fram av punkt 3 i årsmeldinga.

## 2 Aktivitetar i 2019

Sogn regionråd har skissert mål og strategiar for prioritering av regional utvikling i "Regionalplan for Sogn 2017-2020". Strategiplanen tek utgangspunkt i regionale utfordringar om folketalsutvikling-/framskriving, sysselsetting og næringsstruktur. Sogn regionråd har fire satsingsområde: Attraktiv buregion, kompetanse, næringsutvikling og samferdsle. Handlingsplanen blir rullert årleg.

### 2.1 Næringsutvikling

#### 2.1.1 Samarbeid om felles interesser

Ordførarar frå Hardangerrådet, Sogn regionråd, Voss og Vaksdal møttest 9. januar for å snakka om moglegheiter for tettare samarbeid i det nye fylket. Tema på møte var felles utfordringar og moglege samarbeidsområde.

### 2.1.2 Regionale møteplassar

Sogn regionråd byggjer nettverk og samhandlingsarenaer og ønskjer å bidra til å styrka samarbeidet med næringsliv, utdanningsinstitusjonar, forskingsmiljø og organisasjonar. Møta i regionrådet er også arena for slik dialog og samhandling. Punkt 2.8 viser oversikt over orienteringar og gjesteforedrag i regionrådsmøta.

Vi samarbeider med forskings- og utdanningsinstitusjonar innanfor det regionale programmet for barnehage- og skuleutvikling.

Næringsjefane i kommunane møttest for samhandling kommunane imellom og møter næringsliv og forskings- og utdanningsmiljø. Siste året har næringsnettverket også hatt jamlege videomøte.

### 2.1.3 Grøn næringsutvikling

Eitt av dei første prosjekta gjennomført av det nye klimatilpassingssenteret ved Vestlandsforskning, Noradapt (Norsk senter for berekraftig klimatilpassing) var ei utgreiing om klimatilpassingsteknologi. Rapporten kartlegg og foreslår nye teknologiske løysingar som gjer oss i stand til å tåle eit endra klima, ser på potensialet for næringsutvikling og etablera Sogn som ein nasjonal møtearena for klimatilpassing.

### 2.1.4 Statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar

Sogn regionråd støtta nye Sogndal kommune sitt prosjektarbeid med å sikra og utvikla offentlege arbeidsplassar, i første omgang knytta til prosessen for Statens vegvesen.

### 2.1.5 Reiseliv

Sogn regionråd bidreg til den felles reiselivssatsinga i Sogn. Rådet løyvde kr 250 000 i tilskot til Visit Sognefjord AS til internasjonal og nasjonal marknadsføring av Sognefjorden og reiselivsprodukta i Sogn. Til sykkelprosjektet Sognefjord Bike & Hike vedtok rådet løyving på kr 150 000 for forprosjektet. Beløpet vart utbetalt i 2019.

Fellesgodefinansiering og reisemålsbidrag har vore drøfta i regionrådet, og hausten 2018 slutta rådet seg til at Visit Sognefjord utgreier moglege løysingar for reisemålsbidrag. I møtet i februar løyvde regionrådet kr 50 000 til Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap der Visit Sognefjord er prosjektleiar.

Rådet løyvde i april kr 225 000 til Visit Sognefjord til masterplan for reiselivssatsinga i Sogn i 2020-2035 og berekraftig reisemålsutvikling.

## 2.2 Attraktiv buregion

### 2.2.1 Bustadutvikling

Kommunane samarbeider om bustadutvikling i Sogn og ønskjer å bruke bustadtilbodet som tiltak for tilflytting og trekka til seg fleire innbyggjarar. Bustadstrategien frå 2016 peiker på gode grep og virkemiddel der kommunane kan aktivisera si bustadpolitiske rolle, få auka variasjon i bustadtilfanget, få auka kompetanse om bustadmarknaden og ei meir målretta planlegging. Bustadstrategien gav eit grunnlag for arbeidet i det treårige prosjektet 2017-2019.

Bustadgruppa med planleggjarar møttest for å løyse felles utfordringar, etablere rutinar, drøfta organisering og planarbeid for å dekke behovet og leggja til rette for verkemiddel for offentleg og privat samarbeid. Arne Kringlen frå Norconsult var prosjektleiar. Tre av kommunane; Aurland, Høyanger og Lærdal utarbeidde bustadpolitisk plan. Som ledd i auka kompetanse vart det i mars arrangert seminar for planleggjarar, politikarar, byggjenæringa om framtidens bustader langs Sognefjorden og at framtidens bustadformer er i endring.

Planleggjarnettverket har drøfta vidareføring av arbeidet etter prosjektperioden og ønskjer å halda fram med møttest på tvers for erfaringsutveksling.



*Sjefsarkitekt Michael J. Fuller-Gee utfordra til grep som fremmer folkehelse og meir bærekraftige løysingar og gav dei 70 deltakarane frå kommunane og byggenæringa meir kunnskap om framtidens bustadformer*

### 2.2.2 Karrieremesser

Sogn regionråd arbeider for å sikra busetjing og rekruttering til regionen. Karrieremessene som Framtidsfylket arrangerer gir oss høve til å profilere regionen og breidda i arbeidsmarknaden. Messene er ein arena for nettverksbygging og møteplass for studentar, potensielle arbeidstakarar og næringsliv. Rådet løyvde kr 60 000 i tilskot til Framtidsfylket sine messer i Trondheim, Oslo og Bergen. Regionrådet koordinerer kommunane si deltaking på messene, dekker utgiftene til regionstand og felles brosjyre- og profileringsmateriell. Personalnettverket har delteke i førebuing og gjennomføring av messene.

### 2.2.3 Integrering og inkludering

Rådet sette hausten 2018 av midlar til arbeidet for god integrering av flyktningar og innvandrarar; til seminaret og til prosjektplanen. Arbeidsgruppe med deltakarar frå kommunane har vore med frå starten.

Seminaret i mars samla deltakarar frå kommunane, næringsliv og frivillig sektor. Distriktssenteret har bidrege med kunnskap, prosessleiing og fagleg hjelp.

Kunnskapsparken utarbeidde prosjektplanen på oppdrag frå Sogn regionråd. Målet med prosjektet *Sogn for alle* er at Sogn skal bli betre på å nytte innvandarar som ressurs i næringslivet og lokalsamfunnet. Vi skal bli betre på å samarbeide på tvers av offentleg, privat og frivillig sektor og vi skal arbeida meir heilskapleg. Kommunane vedtok hausten at dei ville delta i prosjektet. Prosjektet går over fire år. Finansieringa kom på plass med tilskot frå fylkeskommunen kr 400 000, og elles frå kommunane og regionrådet. På nyåret vart det arbeid med å få plass prosjektleiar og styringsgruppe.



*Over 70 deltakarar frå introduksjonsprogrammet frå regionen kom for å høyre Aiman Shaqura 11. mars. Aiman fortalde korleis han gjekk frå å vera flyktning til å bli gründer, og delte sine erfaringar om å vera ny i Noreg.*

Sogn regionråd samarbeidde med Arbeidslivssenteret Vestland og Sogn næring om arbeidslivskonferansen i Sogndal kulturhus i september. Bedrifter delte sine erfaringar om mangfaldig næringsliv.

## 2.3 Kompetanse

### 2.3.1 Regionalt barnehage- og skulesamarbeid

”System for styrka læring” er kommunane i Sogn regionråd sitt regionale utviklingsprogram 2013-2021. Målet er å styrke læringsutbyttet for alle elevane, gjennom auka bruk av tilpassa opplæring og redusert omfang av spesialundervisning. Dette målet skal vi nå gjennom arbeid med seks strategiområde: 1. Lærande organisasjon/fagnettverk, 2. Entreprenørskap, 3. Psykisk helse og emosjonell kompetanse 4. Tidleg innsats, 5. Vurdering for læring og 6. Motivasjon og meistring/ungdomstrinn i utvikling. Sogn regionråd har programleiar tilsett i full stilling. Inger Marie Evjestad overtok stillinga som programleiar 1. oktober etter Hanne Ørnehaug som slutta til sommaren.

## **Fagnettverk**

Vi har 8 nettverk for barnehagane i regionen, 7 av dei svarar til fagområda i rammeplanen for barnehagen. I tillegg er det eitt styrarnettverk. Høgskulen på Vestlandet er ein viktig samarbeidspart som er med på å sikre det faglege innhaldet i arbeidet. 7. oktober var det felles fagøkt om temaet *Inkluderande barnehage – og skulemiljø* med «Robustheit og livsmeistring» som hovudtema. Ingrid Midteide Løkken frå Læringsmiljøsentret vidareførte innlegg om tema frå felles satsing i 2018 og 2019.

For skulane har vi 21 fagnettverk. Nettverka er tufta på gjensidig forplikting og handlar om å dele, bruke og skape ny kunnskap. Då oppnår vi også eit høgare læringsutbyte. Felles fagnettverk for skulane var 14. august og som tidlegare var dagen todelt dette året også. Halv dag blei nytta til fagnettverksarbeid og halv dag med fagleg teoretisk påfyll. I år var det Anne Sælebakke, forfattar av boka «Livsmestring i skolen» som snakka om *Inkluderande skulemiljø med særleg søkelys på relasjonar og sjølvbevisstheit*.

På felles fagnettverksside (fagnettverkisogn.no) blir det lagt ut presentasjonar for både barnehagane og skulane. Dette er informasjon for å dela erfaringar og dokument og for å gjere det lettare å ta teoriar og erfaringar i bruk i eigen barnehage og skule. Her ligg også årshjulet som viser regionale og fylkesdekkande møte og samlingar.

## **Evaluering**

Kvar vår har vi evaluerings- og planleggingsmøte for barnehage- og skulenettverka. Deltakarar er nettverksansvarlege, styrarar /rektorar, representantar frå PPT-kontora og høgskulen.

Midtvegsevalueringa av programmet System for styrka læring som vart gjennomført av NTNU i 2018 («Å bygge bedre bruer mellom øyene vi sitter på...») viste til at det er behov for justering av kursen, men ikkje radikale nye grep i utviklingsarbeidet. Det har etter denne rapporten vore sett særleg søkelys på organisering av fagdagar og fagnettverk, slik at deltakarane i større grad er aktive og i sterkare grad tek innhaldet inn i eige arbeid i sin organisasjon.

## **Dialogkonferanse, felles leiarsamling**

62 leiarar innan oppvekst, Høgskulen og PPT deltok på felles leiarsamling for regionen 23.-24. september i Førde. Overordna tema for samlinga var *Inkludering og utvikling* vinkla mot leiarperspektivet. Første dag var felles der Ingrid M. Løkken og Hanne Jahnsen frå Læringsmiljøsentret gjekk grundig gjennom temaet samarbeid med heimane og barn som utfordrar oss i dette samarbeidet. Dag to vart gruppa delt inn i to: barnehage og skule. Barnehagegruppa arbeidde vidare med å lage grunnlag og forståing for ein plan mot mobbing i barnehagane. Skulegruppa arbeidde vidare med tema Fagfornyninga, og hadde god innføring og gjennomgang av Ingrid Jacobsen frå Høgskolen Innlandet. Dette var andre gongen ei slik felles regional leiarsamling vart arrangert.

## **Entreprenørskap**

Entreprenørskap handlar om varierte og motiverande undervisnings- og læringsformer, praktiske og livsnære aktivitetar for elevane, samarbeid med lokalt næringsliv, organisasjonar og livet utanfor skuleporten.

**Entreprenørskapsmessa** i Aurland 24. april samla 600 ungdomsskuleelevar frå dei ni kommunane. 30 elevbedrifter stilte med stand, presenterte seg for elevane i 8. klasse og var med tevlinga om 1. og 2. plassen i kategoriane: Beste klima og miljøtiltak/ bærekraftsprisen, beste elevbedrift, beste nærmiljø/lokalsamfunnsprosjekt, beste Idè, beste stand og beste salsbedrift. I tillegg til besøk hos lokale verksemdar, fekk alle elevane foredrag i plenum frå reisebloggaren Lisa Stentvedt frå Aurland. Messa er viktig møtepunkt for elevane som bygger lokal og regional identitet. Vertskommune går på omgang og messa blir arrangert i eit samarbeid mellom vertskommunen, stiftinga Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane og Sogn regionråd.



*Første premie for Beste elevbedrift Fli meg frå Tangen skule i Årdal*

### **Kommuneavtaler om entreprenørskap**

Kommunane signerte avtale med Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane i Aurland 24. april. Formålet med avtalen er å bidra til auka bevisstgjerung, satsing og struktur på entreprenørskap i grunnskulen. Avtalen inneber blant anna at Ungt Entreprenørskap gir kompetanseheving til tilsette i grunnskulen og i samråd med kommunane utformar plan for opplæring i bruk av verktøy og metodar for lærarar og leiarar.



*Ordførarane i Sogn regionråd og styreleiar og dagleg leiar i Ungt Entreprenørskap signerte kommuneavtalar på regionrådsmøtet i Aurland.*

### **Psykisk helse**

**Regional plan for god psykisk helse:** Målet med planen er at arbeidet med å styrka barn og unge si psykiske helse og trivsel får større merksemd i regionen. Planen inneheld felles regionale tiltak.

Kommunane er bedne om å konkretisera og forplikta innsatsen med å styrka barn og unge si psykiske helse. Kvar kommune utarbeider tiltak som vedlegg til den regionale planen.

Alle tilsette i barnehagar får tilbod om 10 timar basisopplæring innan fem område: 1) Haldningar og bakgrunnskunnskap, 2) kva som fremjar psykisk helse, 3) kjensler – å forstå dei og handtere dei, 4) risikofaktorar i barnehage og skule og 5) om å handtera teikn på vanskar. Opplæringa blir i første omgang gitt til tilsette i barnehagane i regionen.

**Psykolog:** Stillinga som Sogn regionråd samarbeider med Høgskulen på Vestlandet om, har stått ledig fordi vi ikkje har klart å rekruttera til stillinga.

**KLAPP – forskings- og utviklingsprosjekt:** Høgskulen på Vestlandet og Sogn regionråd samarbeider om KLAPP (Kompetanse i Lærarane sitt arbeid for positiv psykisk helse i læringsmiljø). To lærarar i regionen er fristilt i 20% stilling kvar for å halde kurs for heile personalet. Skulane som har vore med på KLAPP i inneverande skuleår var tre oppvekstsenter i Luster, Indre Hafslo oppvekstsenter, Skjolden oppvekstsenter, Solvorn oppvekstsenter. I tillegg var Høyanger med skulane Bjordal og Lavik inne. Det same var Lærdal med Borgund skule og Aurland med Aurland barne – og ungdomsskule og Flåm skule. For nokre av dei er det modul 3 som står att, medan Borgund er ferdig og i Høyanger står berre oppfriskingsmodulen att. Fleire skular står på vent for å kome i gang.

**Inkluderande barnehage- og skulemiljø (IBOS):** Sognregionen vidareførte satsinga på læringsmiljøprosjektet, pulje 2. Satsinga er forankra i regjeringa sin politikk mot mobbing og går over to år. Tema er læringsmiljø, førebygging, avdekking og handtering av mobbing, samt regelverk, leiing og organisasjonsutvikling. To ressurspersonar i 40 % stilling kvar, var tilsette til årsskiftet 2019/20 og var med i organisering og gjennomføring av arbeidet med satsinga i barnehage og skule med skuleeigarar, skuleleiarar og einingar.

Ressurspersonane har vore tungt inne i dei felles fagdagane i regionen: Fagdag psykisk helse i mars (100 deltakarar), planleggingsdag for skulane i august (400 deltakarar), barnehagedag i oktober (400 deltakarar), leiarsamling september (62 deltakarar) og i november fagdag frå spesialundervisning til tilpassa opplæring (i tett samarbeid med PPT), med temaet *handtering av mobbing og tiltak på individ, klasse og skulenivå* som samla over 70 deltakarar. Dette var og organisert som ei avslutningsamling for IBOS der det vart lagt til rette for aktuell vidareføring av temaet.



*Fagdagen om inkluderande barnehagemiljø den 7. oktober samla over 400 barnehagetilsette i Sogn.*

### **Formidling og kommunikasjon**

For å bli stadig betre må vi lære av andre, samstundes som vi formidlar kva vi held på med sjølve. Det er ei interesse for barnehage- og skuleutviklinga i Sogn. Vi har tett dialog med Høgskulen om korleis ein felles kan jobbe med desentralisert kompetanseutvikling og vidareføra arbeidet med inkluderande barnehage- og skulemiljø. Høgskulen deltek i fagnettverk for barnehage. Målet er å få faglærarar frå Høgskulen med i skulen sine fagnettverk.

### **Vitensenteret i Sogn og Fjordane**

Programleiar i System for styrka læring har delteke både i prosjektgruppa og i skulegruppa for Vitemeir, Vitensenteret i Sogn og Fjordane.

## **2.3.2 Fleire læreplassar i Sogn**

Sogn regionråd har partnerskapsavtale om fleire læreplassar i Sogn med NHO Vestland, LO Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Formålet med å arbeida gjennom partnerskapen er å samordna innsatsen slik at vi får styrka tilbodet og at vi får fleire læreplassar i Sogn. Kommunane auka Grunna regionreforma vart avtalen forlenga eitt år ut 2019. Det vil bli teke initiativ frå rådet for vidareføring frå 2020.

## **2.4 Samferdsle**

Sogn regionråd har samferdsle som eitt satsingsområde. Vi har fleire prioriterte samferdsletiltak som vi aktivt arbeider for i høve avgjerdestakarar på statleg og fylkeskommunalt nivå. Ved å stå samla om tiltaka vil regionen ha større gjennomslagskraft for å få realisert dei.

Samferdsleplanen for Sogn regionråd gjeld for 2016-2019. Handlingsplanen blir rullert årleg. Samferdsletiltak innan fylkesvegnett og det statlege transportansvaret er: Fylkesveg 55, Vikafjellstunnel, riksveg 52 over Hemsedalsfjellet, flyruter, ferjeruter Hella-Vangnes-Dragsvik og Sognebåten.

## **2.5 Helse**

### **2.5.1 Samarbeid om kommunepsykologar**

Det kom lovkrav om psykologkompetanse i kommunane frå 2020. Det er vanskeleg å rekruttera psykologar til kommunane. Arbeidsgruppa med representantar frå kommunane og Helse Førde, som vart etablert hausten 2018, drøfta samarbeidsløysingar, samhandling regionalt og lokalt og arbeidsområde. Regionrådet løyvde midlar til arbeidet.

Tilrådingane i rapporten la vekt på at kommunane må førebu seg til å ta imot psykologar ved å ha godt fungerande tenester internt i kommunane, gjennom interkommunalt fagnettverk for psykologar og gjennom god samhandling med spesialisthelsetenesta. Rapporten vart oversendt kommunane for handsaming. Det var felles utlysing av stillingane om våren. Tema for fagdagen om psykologtenesta i Sogn 30. april var korleis ta imot ein ny fagprofesjon og danna grunnlag for godt fungerande tenester.

Rådet fekk kr 250 000 frå Fylkesmannen i fornyingsmidlar til koordineringsfunksjonen for det regionale psykolognettverket.

## 2.5.2 Ultralydutstyr

Helsegruppa i Sogn regionråd gav innspel til Helse Førde om behovet for ultralydutstyr ved Lærdal sjukehus og har arbeidd for å få tilbodet på plass. Helse Førde har stilt seg positive til å drifte tenesta, men at andre investeringar ville bli prioriterte. Sogn regionråd tilrådde kommunane å finansiera utstyret, og fleire kommunar har løyvd midlar. Helse Førde melde til helsegruppa i møtet 12. april at dei finansierer det som står att av kostnaden. Tilbodet vil bli knytta til God start-eininga på Lærdal sjukehus.

## 2.5.3 Desentralisert sjukepleiarutdanning

Helsegruppa tok initiativ til å få på plass eit studietilbod for kommunalt tilsette. Høgskulen på Vestlandet var positive og arbeidet med å få i gang studie starta hausten og blir vidareført i 2020. Studiet går over 4 år. Målet med prosjektet er at minimum 12 tilsette (inntil 20) byrjar på studiet hausten 2021.

## 2.6 IKT

### 2.6.1 Fellesordningar i Sogn regionråd

#### **Kommunenett**

Samarbeidsavtalen mellom kommunane i Sogn regionråd og Sogn og Fjordane fylkeskommune regulerer samarbeidet om IKT-tenester. Det er ein delavtale om kommunenett. Kommunikasjonsnettet bind kommunane saman med felles oppkoplingspunkt til fylkeskommunen. Løysinga er grunnlaget for digitale fellesløysingar. Sogn regionråd har avtale med Sogn brann og redning om kommunenett.

#### **GIS-løysing**

Kommunane i Sogn regionråd har avtale med Norkart om drift av GIS-systemet.

#### **IKT-faggruppa**

IKT-faggruppa følgjer opp felles avtalar og er arena for IKT-relaterte problemstillingar i Sogn regionråd og rapporterer til rådmannsgruppa. Det var eitt møte i 2019. Leiar var Eva L. Løvdahl, Årdal kommune.

### 2.6.2 Samarbeid i fylket

#### **Breibandforum**

Breibandforum tek initiativ, utviklar felles prosjekt og samordnar aktivitetar for utbygginga av breiband i fylket. Sogn regionråd sin representant var Knut Navarsete, Sogndal kommune.

#### **IT-forum Oppvekst og Utdanning**

Nettverket arbeider for å finna løysing for digitalt samarbeid på tvers av skulesteg. Sogn regionråd sin representant er Jarle Christensen, Vik kommune.

#### **Koordineringsrådet**

Arne Johansen er Sogn regionråd sin representant i koordineringsrådet i Helse Førde. Koordineringsrådet skal bidra til å utvikle og sikre kvaliteten på samarbeid og samhandling mellom partane.

### 2.6.3 Geografisk informasjonssystem (GIS)

Kommunane i Sogn regionråd har felles GIS-løysing med programvare for oppdatering av kartdata og forvaltning av kommunale avgifter. I tillegg har kommunane felles kartløysing på web der kartdata er tilgjengeleg for publikum. Sogn regionråd har tilsett GIS-koordinator i full stilling. GIS-koordinator er Dariusz Hauderowicz som rapporterer fagleg til dagleg leiar. Rådmannsgruppa er styringsgruppe.

### **Adresseprosjektet**

Prosjektet for å få på plass vegadresser i regionen starta i 2012 og held fram. Status er:

- Skilting av vegane med adressenamnskilt held fram
- Tal vegadresser for kommunane i Sogn: 2019 - Aurland (75%), Høyanger (92%), Luster (93%), Lærdal (96%), Sogndal (93%), Vik (94%) og Årdal (90%).

### **Kompetanseheving**

- Det er gjennomført 2 dagar workshop i bruk av planregister for 16 sakshandsamarar.
- Nye medarbeidarar i kommunane fekk opplæring i bruk av GIS-verktøy.

### **GIS- og KomTek-programvare**

- Saksystem og e-postsystem er flytta frå fylkeskommunen til SYSIKT for kommunane Luster, Sogndal, Leikanger, Balestrand og Vik.
- Det er etablert geointegrasjon mellom GIS og KomTek og nytt driftsmiljø hos SYSIKT.
- Vi har stabilt GIS- og KomTek-driftsmiljø.
- Ny Matrikkel versjon 3.15 innført 2019.
- Installasjon av GISline og KomTek-programvare for nye Sogndal kommune er utført.
- KomTek databaser for alle kommunane og SIMAS er oppdatert med nye kommunenummer.
- Kartlegging av avvik i avtaler hos SIMAS og kommunene er starta opp.
- Arbeidet med kartlegging av feil og manglande registrering i matrikkelsystemet er starta opp.
- Kommunane og SIMAS har starta førebuingane til eit prosjekt for kvalitetsheving av matrikkel.

### **Avtaler**

Kommunane har avtale med Norkart om drift av GIS-løysing og Komtek. Sogn regionråd har avtale med SIMAS om GIS-tenester.

### **Kartdata i Sogneregionen**

- Samanslåing av kommunane inneber konsekvensar for ein rekke datasett og løysingar.
- Endring av kommunenummer i alle datasett er utført både i GIS og KomTek.
- Omadressering av like gatenamn i Balestrand, Leikanger og Sogndal er utført.
- Det er installert nye QMS-portalar for alle plandata i regionen og løysing er teke i bruk i desember 2019, noko som gir tilgang til oppdaterte plandata.
- Sentrallagring av FKB (felles kartbase) med dagleg QMS-oppdateringar hos Kartverket fungerer bra.
- Kartlegging av friluftslivsområde hos alle kommunane i regionen er ferdig.
- Det er oppdatert webklientar:
  - o Brannkart for Sogn brann og redning med tilgang til nye kommunestruktur
  - o Skog i Sogn-kart med tilgang til nye kommunestruktur
  - o Alle saksbehandlar kart er oppdatert med nye kommunenummer
  - o Tiltaksanalyse for Luster kommune er installert i sakshandsamarkart.

### **Samarbeid**

Representantar frå regionen har delteke på Plan- og temadatautvalet (PTU) Sogn og Fjordane, FGU-møte for Hordaland og Sogn og Fjordane i Bergen, FDV- årsmøte for Indre Sogn I Sogndal, GeoForum, Geovekstprosjektet, Norgedigital, lokale plan- og kartdagar i Loen, GISLINE Brukermøte i Oslo og i GIS-faggruppe SYSIKT.

## 2.7 Samarbeidsfora i Sogn regionråd

### 2.7.1 Rådmannsgruppa

Rådmannsgruppa er eit forum for erfaringsutveksling og utviklar samarbeidet om kommunal forvaltning, administrative funksjonar og tenesteproduksjonen i regionen. Dagleg leiar i Sogn regionråd deltek i møta og skriv møtereferat. Det har vore stor utskifting i rådmannskollegiet i 2019 og ein spesiell situasjon i lys av kommunereforma. Leiar for rådmannsgruppa i 2019 var Jarle Skartun, rådmann i Luster kommune. Gruppa hadde 6 møte og blant sakene har vore: Arbeidsgjevarkontroll, samarbeid om kommunepsykologar, veteranarbeid, vitensenteret, interkommunale samarbeid, innkjøpsamarbeid, NAV regionalisering, desentralisert sjukepleiarutdanning, skog i Sogn, administrativt nettverkssamarbeid, samarbeid om GIS (geografisk informasjonssystem) og Sogn lokalmedisinske senter og legevaktstelefon.

### 2.7.2 Regionale nettverk

Regionale fagnettverk er arena for erfaringsutveksling og kompetanseheving for tilsette i kommunane, og gir høve for å setja tema på dagsorden, informera om aktuelle saker og samhandle med eksterne aktørar. Nettverka rapporterer om følgjande aktivitetar:

#### **Barnehage- og skuleregion Sogn**

Deltakarar er barnehage- og skulefagleg ansvarlege i kommunane. Ressurspersonar IBOS og programleiar for System for styrka læring deltek på møta, i tillegg er KS og PPT inviterte med på saker som er relevante for dei å ta del i. Det har vore fem møte i 2019. Gjennomgåande tema og større saker har vore inkluderande barnehage- og skulemiljø, regionale kompetansemidlar for barnehage og skule, korleis dei ulike kommunane følgjer opp nasjonale satsingar t.d. fagfornyinga, regional plan for god psykisk helse, forskingsprosjektet ACT Now i regi av Høgskulen på Vestlandet, regionalt eksamensreglement for grunnskulen, regionalt samarbeid i nye Vestland fylke, spesialundervisning, lærande nettverk og fagdagar i regionen.

Knut Åge Teigen, Luster kommune, har vore leiar i gruppa i 2019 og representert Sogn i ulike samarbeidsfora. Kompetanseregion Sogn var vertskap for Utdannings- og oppvekstmøte Sogn og Fjordane i januar 2019 og hadde presentasjonar om System for styrka læring og ulike inkluderande barnehage- og skulemiljøsatsingar i Sogn.

#### **Helse- og omsorgsnettverk**

Deltakarar er helse- og omsorgsleiarar. Det har vore fem møte. Møta har vært brukt til erfaringsdeling mellom kommunane samt avklaring og informasjon om aktuelle tema. Dei har saman foreint seg om deltaking i fagråd, samt vidareformidla informasjon frå møte dei har delteke i og som gjeld for heile regionen; til dømes møte med krisesenter, og møte og arbeid knytt til velferdsteknologi. Nettverket har hatt eksterne ressursar inn i møte som samhandlingskoordinator i Vestland og representantar frå KS har informert om aktiviteter og samarbeid i Vestland samt Leva livet og aldersvennlege samfunn. Miljøretta helsevern møtte nettverket i juni kor det interkommunale samarbeidet vart belyst. Nettverket har diskutert tenestene og organisering, som har vore relevant i samband med kommunesamanslåing. Sjølv om kommunalsjefane ikkje møtest så ofte, har dei eit godt kollegaskap og støtter kvarandre undervegs gjennom året. Åslaug Brænde, kommunalsjef i Sogndal, er leiar.

#### **HR-/personalnettverk**

Deltakarar i nettverket er personalleiarar/-medarbeidarar frå kommunane. Det er halde tre møte og ei samling over to dagar (lunsj til lunsj-samling) ved Gloppen hotell. Tema i møta har mellom anna vore planar kring personalarbeidet i kommunane, bedriftshelseteneste aktivitet inkl. ny avtale, karrieremesser, felles innspel til debattheftet for lønsoppgjeret 2020, lønsoppgjeret 2019, fagbrev på jobb, sjukefråvær i

kommunane og arbeidet kring dette, GDPR (personvernforordning) og turnusordningar i pleie og omsorg. Framtidsfylket deltok på eitt av møta for å informera om rekrutteringsarbeidet. I samarbeid med Sogn regionråd deltok sognekommunane med fellesstand på karrieremessa i Bergen i februar.

Utanom møta fungerer nettverket som eit fagleg nettverk der spørsmål om arbeidsrett, organisasjon, løn og elles spørsmål knytt til den daglege drifta vert delte mellom kommunane. Dette er ei effektiv form for deling av kunnskap og erfaring. Personalsjef i Høyanger kommune, Arnvid Hovland leia nettverket fram til personalleiar i Årdal kommune, Elin Heen overtok hausten 2018.

### **Næringsnettverket i Sogn**

Deltakarar er næringsansvarlege i kommunane. Nettverket har hatt to møte, besøkt bedrifter i regionen og hatt fleire telefonmøte. Tema har vore profilering og merkevarebygging, masterplan for reiselivssatsinga i Sogn, sykkelprosjektet Sognefjord Bike & Hike, fellesgodefinansiering, klima og korleis styrke det regionale nærings samarbeidet. Nettverket var på studietur til Fosen og Steinkjer for å utveksle erfaringar og læra av deira regionale samarbeid. Dagleg leiar i Sogn regionråd deltek på møta. Torgeir Skålid, dagleg leiar i Sogn næring, er leiar i nettverket.

### **Oppmålingsgruppa**

Det har vore fire møte i faggruppa for landmålarane i regionen. Nettverket drøfta problemstillingar nytta til kommunereforma. Medlemmane har for sin kommune jobba med retting av avvik i matrikkelen og grunnboka, noko som for mange har vore eit omfattande arbeid. Leiar i nettverket er Eirik Norheim, GIS-ansvarleg i Høyanger kommune.

### **Ungdomsnettverk**

Deltakarar er ungdomsarbeidarar i kommunane. Nettverket har hatt to møte og fokus har vore hybelbuarar, psykisk helse blant ungdom, UKM-arbeidet i kommunane og erfaringsutveksling. Det var planlagt eit møte om psykisk helse, som dessverre vart avlyst grunna for få påmeldte. Nettverket slik det er i dag bør endre format. Vi vil gjerne nytte midlar til kurs og gjerne fortsette som eit diskusjonsforum med erfaringsutveksling. Mandatet som følgde når nettveket vart starta er utdatert, då arbeidet etter kvart er ulikt organisert frå kommune til kommune. Store utskiftingar og lite kontinuitet gjer at nettverket ikkje vert prioritert. Leiar i nettverket er Gunnvor Haug Moen, Årdal kommune.

## **2.8 Orienteringar og gjesteforedrag**

I møta i Sogn regionråd har desse delteke med innleiingar:

- Stein Harald Hjeltnes, dagleg leiar Njøs Næringsutvikling AS
- Holger Aasen, dagleg leiar Ungt Entreprenørskap
- Ståle Brandshaug, reiselivsdirektør Visit Sognefjord AS
- Øyvind Bang-Olsen, rådmann Naustdal kommune (video)
- Torunn Hønsi, forskar Vestlandsforskning
- Joakim Systaddal, nærings- og samfunnsutviklar Balestrand kommune
- Tom Guldhav, klinikkdirektør, Helse Førde
- Arnstein Menes, nye Sogndal kommune
- Finn Hauge, leiar i skøytegruppa
- Guri Olsen, leiar i Lærdal Idrettslag

## 2.9 Rapportar

Rapportar utarbeidd av eller på oppdrag frå Sogn regionråd:

- Samarbeid om kommunepsykologteneste, Ulvestad 29. januar 2019.
- Klimatilpassingsteknologi - potensiale for næringsutvikling og nasjonal møtearena i Sogn, Vestlandsforskning 3. juni 2019.

## 2.10 Fråsegner frå Sogn regionråd

Sogn regionråd har gitt følgjande fråsegner:

- Norges Høgfjellskule er velkomen til Sogn - til Nortind, 5. mars 2019.
- Opplæringstilbodet 2019-2020 innspel til fylkeskommunen, 26. mars 2019.
- Regionaliseringsprosessen i NAV, brev til NAV Vestland, 30. april 2019.
- Båtrutetilbodet etter 2022 - innspel til Sogn og Fjordane fylkeskommune 27. mai 2019.
- Ny organisasjonsstruktur Statens vegvesen - til Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 28. mai 2019.
- Lokalisering av nasjonale oppgåver innan divisjon veg, geofag og naturfare - til Vegdirektoratet, 22. august 2019.
- Sogn regionråd protesterer på forslag om å overføra skatteoppkrevjinga til staten - til finanskomiteen, 19. november 2019.
- Fråsegn til ny prehospital plan - til Helse Førde, 25. november 2019.
- NOU 2019:16 Skattlegging av vasskraftverk - til Finansdepartementet, 20. desember 2019.

### 3 Rekneskap

#### 3.1 Rekneskapsversikt

Deltakarkommunar: Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal	Rekneskap 2019	Revidert budsjet	Opphavleg budsjet	Rekneskap 2018
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>				
Refusjonar frå deltakarkommunar	-5 258 017	-5 129 000	-5 129 000	-5 096 323
Refusjon frå staten	-145 370	0	0	-323 523
Refusjonar frå fylkeskommunen	-3 490	0	0	-185
Refusjonar frå andre/private	-29 225	0	0	-15 055
Refusjon frå IKS der kommunen sjølv er deltakar	-165 000	-188 000	-188 000	-185 000
Refusjon fødselspengar				-108 050
Overføringar frå staten	-1 418 461	-981 000	-981 000	-2 236 763
Overføringar frå fylkeskommunar	-500 000	-500 000	-500 000	-500 000
Overføring frå kommunar	-126 000	-25 000	-25 000	-25 000
Overføringar frå andre	-111 891	-482 000	-482 000	-97 047
Salsinntekter	-940	0	0	0
Mva kompensasjon	-597 109			-613 604
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-8 355 503</b>	<b>-7 305 000</b>	<b>-7 305 000</b>	<b>-9 200 550</b>
<b>DRIFTSUTGIFTER</b>				
Lønsutgifter	1 250 151	2 571 000	2 571 000	1 727 159
Sosiale utgifter	397 641			572 597
Kjøp av varer og tenester som går inn i kommunal tenesteprod	3 808 741	3 179 000	3 179 000	3 593 805
Kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteprod	18 819	0	0	9 900
Overføringar	3 172 135	3 010 000	3 010 000	3 046 912
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>8 647 486</b>	<b>8 760 000</b>	<b>8 760 000</b>	<b>8 950 373</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>291 983</b>	<b>1 455 000</b>	<b>1 455 000</b>	<b>-250 177</b>
<b>Finansinntekter/finansutgifter</b>				
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter				
Renteinntekter	-136 394			-106 495
<b>Resultat eksterne finanstransaksjonar</b>	<b>-136 394</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-106 495</b>
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>155 589</b>	<b>1 455 000</b>	<b>1 455 000</b>	<b>-356 672</b>
<b>Avsetjing og bruk av fondr</b>				
Bruk av bundne fond	-1 773 192	-1 455 000	-1 455 000	-1 079 085
Avsetjingar til bundne fond	1 617 604	0	0	1 435 757
<b>Sum avsetjing og bruk av fond</b>	<b>-155 588</b>	<b>-1 455 000</b>	<b>-1 455 000</b>	<b>356 672</b>
<b>Rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Oversikt over fond Sogn regionråd</b>				
	<b>31.12.2019</b>			<b>31.12.2018</b>
Fond Sogn regionråd - diverse prosjekt	-563 657			-1 156 589
Fond Sogn regionråd - ungdom	-85 408			-85 408
Fond Sogn regionråd - barnevern	-17 517			-17 517
Fond Sogn regionråd - barnehage	-1 671 322			-1 504 460
Fond Sogn regionråd - skule	-1 470 953			-923 297
Fond Sogn regionråd - Skule fagnettverk	-529 229			-424 683
Fond Sogn regionråd - kontigent	-636 814			-799 076
Fond Sogn Regionrådet - psykolog folkehelse	-486 502			-183 848
Fond Sogn Regionrådet - Læringmiljøprosjektet	-465 905			-1 132 017
Fond Sogn regionråd-Ultralydutstyr Lærdal	-126 000			0
Fond Sogn regionråd-IKT	-70 104			-52 104
<b>SUM</b>	<b>-6 123 412</b>			<b>-6 279 000</b>

## 3.2 Bruk av fond

Det står kr 6 123 412 på fond pr 31.12.2019.

### 1. Diverse prosjekt

Kr 563 657 er unytta utviklingsmidlar frå fylkeskommunen og kommunane og tilbakeført meirverdiavgiftkompensasjon.

### 2. Ungdom

Kr 85 408 er midlar sett av til ungdomsnettverket og er unytta midlar som ungdomsnettverket disponerer i samsvar med aktivitetsplanen.

### 3. Barnevern

Det står att kr 17 517 som kan nyttast til barnevern til dømes kompetanseutvikling.

### 4. Barnehage

Unytta eksterne midlar mellom anna frå Fylkesmannen til kompetanse og utvikling kr 1 671 322 er sett på fond.

### 5. Skule

Unytta midlar frå det regionale utviklingsprogrammet kr 1 470 953 er sett av på fond.

### 6. Fagnettverk

Unytta midlar frå fagnettverka utgjer kr 529 229 og er i hovudsak kontingentmidlar.

### 7. Kontingent

Unytta kontingentmidlar på kr 636 814 er sett på fond. Delar av sumen er renteinntekter av fondsmidlar.

### 8. Psykolog folkehelse

Unytta midlar frå direktoratet til psykologstilling kr 486 502 er sett på fond til bruk i 2020.

### 9. Læringsmiljøprosjektet

Unytta midlar frå Fylkesmannen kr 465 905 er sett av på fond og skal gå til vidare arbeid knytta til inkluderande barnehage- og skulemiljø (IBOS).

### 10. Ultralydustyr

Midlane frå Sogndal kommune og Balestrand kommune til ultralydustyr er sett av på fond.

### 11. IKT

Unytta midlar kr 70 104 er sett på fond og kan dekke medlemskap eller gå til kurs/samling innan IKT.



Sogn regionråd  
Postboks 153, 6851 Sogndal  
Telefon: 57 65 25 60  
E-post: [postmottak@sogndal.kommune.no](mailto:postmottak@sogndal.kommune.no)  
[www.sogn.regionraad.no](http://www.sogn.regionraad.no)



Aurland  
kommune



Balestrand  
kommune



Høyanger  
kommune



Leikanger  
kommune



Luster  
kommune



Lærdal  
kommune



Sogndal  
kommune



Vik  
kommune



Årdal  
kommune